# Medlemskap i Ungdomslaget Frihug 2023

## Ungdomslaget Frihug er eit lag for alle i bygda. Ved å vere medlem støttar du arbeidet laget gjer

Sender med dette ut medlemskontingent for 2023. På baksida kan de lese om lagsaktiviteten i 2022 og planane for 2023. Ønsker gamle medlemmar med oss vidare og velkommen til alle nye! For de som allereie har betalt kontingent for 2023, kan dere se bort fra denne giroen.

**Einskild medlem: 200 / Familiemedlemskap: 400**

**VIPPS:** Vi tar imot betaling for medlemskap via Vipps. Send da beløp som vist over til Vipps nr: # 549594. Skriv "medlem/familie - telefonnummer" på meldingsfeltet. Førstegangs medlemmer må sende sms til kasserer på tlf 45503652 med følgende info: Fullt navn, adresse og fødselsdato for alle som skal bli medlem.

For de som har vært medlem tidligere år: SMS til 45503652 - Navn til alle som kontingenten gjelder. Heimebuarar over 26 år må betale eigen kontingent.

**Medlemar i UL Frihug vil få følgjande fordelar:**

- Rabattordning på leige av Ljosvang
- Medlemsprisar på kurs, seminar og festivalar i regi av Noregs Ungdomslag.
- Les meir om medlemsfordelane her https://www.ungdomslag.no/lagsteneste/medlemsfordelar/

UL Frihug v/ styret 2023 – Oddvar Gjelstenli (leiar), Birte Sofie Bergem, Ida Øverås Halkjelsvik, Mai Katrine Hjelvik og Birgitte Gjelsten Hjelvik.

**Kvittering**

Innbetalt til konto

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6449275250

Betalingsinformasjon

**GIRO**

Betalings-frist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Ungdomslaget Frihug
Nerås
6390 Vestnes

Belast konto

Kvittering tilbake

| Kundeidentifikasjon (KID) | Kroner | Øre | Til konto | Blankettnummer |
|---|---|---|---|---|
| | | < > | 3910.49.27703 | <6449275250> |

# Samandrag av årsmeldinga for 2022 - planar 2023

Korona: Smitteverntiltakene vart oppheva med verknad frå 12.02.2022. Dette medførte at Norge gjekk inn i ein meir “normal” kvardag der det var akseptabelt å tilrettelegge for sosiale aktivitetar for alle. Dette medførte at 2022 vart eit produktiv år for ungdomslaget til tross for ein rolig start. I mai ble det montert ny stakekum for septik-tanken etter at anlegget hadde gått tett ifm utleie. Med god bistand frå Anders Rishaug både i mai og juni, samt Tomra Maskin med utleige av minigravar og Vestnes Renovasjon med sponsing av delar, har vi no eit anlegg som både ser ut til å være påliteleg, samtidig som vedlikehold som inspeksjon og staking er enkelt å utføre. El-tilsyn utførte kontroll av el-anlegg i november uten nokon observasjonspunkter. Alle såpedispenserar på huset er bytta til ny type, og desse vart sponsa av Katrin, v/Arne Kolstad. Pizzalotteri i mai 2022. Resultat ca 1000 kr.

I 2022 har styret utført ca 450 timar dugnad i forbindelse med oppussingsprosjektet der det aller meste har gått med til administrasjon, søknadar, oppdatering av tilbud og søknad om ytterligare støtte. Foruten prosjektet har styret, i regi av kasserer Birte, innført nytt regnskapsprogram som gjer oss i stand til å registrere bilag fortløpande, og ikkje være avhengig av at regnskapsåret er ferdig for å ha innsikt i økonomien. Renoveringsprosjektet sin bakgrunn er den økonomiske støtta som laget fekk tildelt av Møre og Romsdal fylkeskommune i september 2020 og september 2022. All anna drift av laget, som malingsarbeid og anna vedlikehald er uregistrert dugnad. Våren 2022 gjekk tradisjon tro med til mange førespurnadar om tilskot. I september fekk vi på ny vedtak om midlar til oppussing fra Fylket på 200 000 kr. På høsten fekk vi inn 70 000 kr frå private givarar og 50 000 kr fra lag. I tillegg har vi kr. 241 000 utestående hos fylkeskommunen, mot at prosjektet med oppussing av fasade vert gjennomført. 85% av totalt tilskudd på 481 000 og 200 000 er henta ut frå Fylkeskommunen våren 2023. Resten utbetales ved godkjent prosjektrapporter.

Ferdigstilling av kjøkken iht ny plan vil kreve at vi får inn meir midlar, men vi satsar på ferdigstilling iht opprinnelig søknad før september 2023 for å unngå at vi mistar noko midlar frå Fylket.

Nytt brannvarslingsanlegget har hatt eit skrikande behov for utbytting i mange år siden det sist var utbytta  i 2008. I november 2022 var eit nytt varslingsanlegg for brann  og innbrudd på plass levert av Verisure. Det gir oss i styret ein trygghet på kontinuerlig overvåking på bygget med ein bitter ettersmak av økte driftsutgifter.

Utanom quizar, vart det arrangert Karneval i februar, pølsegrilling i gapahuk i mars, Rusken-aksjon i mai med vafler og pølser, 17.mai i regi av Øveraas Helselag og komiteen, søndagskafe med foredrag v/Morten Øveraas i august, halloweenfeiring og julegrantenning.

Laget har eiga Facebook-side som er open for alle interesserte, der alle aktivitetar blir annonsert samt at vi etterstrebar å legge ut arrangement på aktivitetskalenderen til ivestnes.no. I 2022 har laget hatt til saman 129 medlemmar, altså ein oppgang frå 115 året før. Vi har god tru på at denne positive tendensen vil halde fram neste år ettersom aktivitetsnivået i form av arrangementer øker.

**Utleige Ljosvang: (Vidar Sterten 412 34 912 er utleigekontakt)**
**Utleieoversikt:** Utleie og aktivitetskalender for Ljosvang | Ungdomslaget Frihug (ulfrihug.no), **prisar: https://www.ulfrihug.no/prisinfo/.**
**Følg oss på: ulfrihug.no , Facebook-sida vår eller kontakt oss på frihug.ul@gmail.com**
**Sjåast i 2023!**